



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 21.06.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, møte kl. 14.00	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge, gjekk kl. 14.00	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar OS 95/16
Per Heltne	Sakshandsamar PS 118/16, 119/16 og 120/16
Torill Osborg Vinjevoll	Teamleiar barnevernet OS 96/16
Nina Kvalen	Innvandring og integrering OS 96/16
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef OS 101/16
Rune Totland	Teknisk sjef OS 102/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
OS 95/16	Planid 2016005 - Arealdelen - Informasjon om oppstart
OS 96/16	Orientering om utgreiinga av ev. auka busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Volda
OS 101/16	Doktorhaugen – omsorgsbustader
OS 102/16	Evaluering av behov for eigen veghøvel til Volda kommune
PS 116/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 117/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 118/16	Planid 2015001 - Bustadområde Legene - Bøkevegen - del av gnr 19 bnr 29 – planframlegg
PS 119/16	Avtale om anleggsbidrag - Utbygging av sambindingsveg over Håmyra
PS 120/16	Gbr 3/32 og 33 - oppføring av firemannsbustad - Gotene bustadfelt på Lid - avvik i høve til gjeldande plan
PS 121/16	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av mai 2016
PS 123/16	Månadsrapport mai 2016
PS 124/16	Ruteendringsprosessen 2017
PS 126/16	Kjøp av Gnr 19 bnr. 264 – Festetomt
PS 125/16	Gjennomføring av reguleringsplan Botnavegen - godkjenning av avtalar.
PS 122/16	Orienteringssaker
OS 97/16	Campusutvikling - status i prosessen
OS 98/16	Politisk organisering. Vedtak frå driftstyret sitt møte 11.05.16
OS 99/16	Samarbeid mellom Kulturskulen og Volda skulekorps skuleåret 2016/2017
OS 100/16	Orientering i formannskapet – kommunereform

- OS 103/16 **PPT - oppseiing av avtale**
- OS 104/16 **Ikt-organisering**
- OS 105/16 **Fiskerihamn - initiativ frå Kystverket om avhending**

OS 95/16 Planid 2016005 - Arealdelen - Informasjon om oppstart

Planleggar Heidi Istad orienterte om planprogram og planprosess for arealdelen av kommuneplanen.

OS 96/16 Orientering om utgreiinga av ev. auka busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Volda

Teamleiar ved barnevernet Torill Osborg Vinjevoll og spesialrådgjevar innvandring og integrering Nina Kvalen, orienterte om planar og drift i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Volda. Det vert lagt fram ei politisk sak vedk. busetjing av einslege mindreårige flyktningar for 2016 og 2017 i august.

OS 101/16 Doktorhaugen - omsorgsbustader

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden orienterte om omsorgsbustader som er planlagt å bygge ved Doktorhaugen. Tiltaket er påklaga, men bakgrunn i klagen og krav til regulering i kommuneplanen bør det utarbeidast reguleringsplan for området. Formannskapet slutta seg til dette.

OS 102/16 Evaluering av behov for eigen veghøvel til Volda kommune

Notatet, *Evaluering av behov for eigen veghøvel til Volda kommune*, vart delt ut på møtet.

Teknisk sjef, Rune Totland, orienterte om saka. Formannskapet gav teknisk sektor fullmakt til å arbeide vidare med saka.

PS 116/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ettersending av dokument mandag 20.06.2016:

- PS 123/16 Månadsrapport
- PS 124/16 Ruteendringsprosessen 2017
- PS 126/16 Kjøp av gnr 19 bnr. 264 – Festetomt
- PS 125/16 Gjennomføring av reguleringsplan Botnavegen –

godkjenning av avtalar

Ettersending av dokument møtedagen:

- Intensjonsavtale – samanslåing av Hornindal og Volda kommunar
- Hornindal kommune, *Kommunereform*, 20.06.2016

Dokument delt ut i møtet:

- Evaluering av behov for eigen veghøvel til Volda kommune
- OS 100/16 – *Gjenopptaking av sak OS 76/17 Kommunereform – Endeleg vedtak av alternativ*, 21.06.2016.

Sakliste:

Rådmannen kom med framlegg om å sette følgjande orienteringssaker på saklista:

- Ppt
- Ikt-organisering
- Fiskerihamna

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå rådmannen, vart samrøystes godkjent.

PS 117/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Møteprotokollen frå sist møte 14.06.2016, vart samrøystes godkjent.

PS 118/16 Planid 2015001 - Bustadområde Legene - Bøkevegen - del av gnr 19 bnr 29 - planframlegg

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet tilrår fremjing av privat reguleringsplan for området "Bustadområde Legene - Bøkevegen" med arealbruksformål i tråd med planframlegg datert 11.04.2016.*
2. *Før eventuell utlegging til offentlig ettersyn ber ein om fylgjande endringar i plan:*
 - *Det må leggest inn byggegrenser i området o_ BIN -mot elva, mot byggeområde bustad/planlagt tilkomstveg og justert byggegrense mot gangvegen i aust.*
 - *Vegområdet (anna vegformål) langs vestsida av gangvegen "Råsa" skal utvidast til min. 3m.*
 - *Byggegrense mot gangvegområdet i aust skal vere 4m.*
 - *Utnyttingsgrad for byggeområdet bustader - skal vere BYA inntil 30%.*
 - *Ved fremjing av justert planframlegg skal ein søkje å legge til rette for eit godt felles areal for uteopphald/småbarnleikeplass på område nær inngangsparti i*

bustader og på nivå utan vesentleg høgdeskilnad i høve til tilkomst og inngangar.

- 3. Administrasjonen vert gitt fullmakt til å kvalitetssikre grunnlaget for utlegging av plan til offentleg ettersyn, jf vilkåra i pkt 2.*

Handsaming:

Planleggar Per Heltne orienterte om saka.

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet. Mor hennar er nabo og har levert klage tidlegare i prosessen. Jf. fvl § 6, 1.ledd, b. Fride Sortehaug tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Fride Sortehaug vart samrøystes kjent inhabil.

Det var soleis åtte røysteføre under handsaminga av saka.

Volda Høgre, v/Dan Bjørneset kom med slikt framlegg:

Formannskapet ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Formannskapet ber difor om å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt tillegg til utsetjingsframlegget frå Dan Bjørneset:

Pkt. 1 Formannskapet vedtek ikkje å fremje planen og vedtek ikkje å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Pkt. 2 Arealet vert å sjå i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.

Røysting:

Framlegget frå Dan Bjørneset, med tillegget frå formannskapet, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 21.06.2016:

Pkt. 1 Formannskapet vedtek ikkje å fremje planen og vedtek ikkje å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Pkt. 2 Arealet vert å sjå i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.

Pkt. 3 Formannskapet ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Formannskapet ber difor om å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.

Fride Sortehaug tok sete.

PS 119/16 Avtale om anleggsbidrag - Utbygging av sambindingsveg over Håmyra

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forslag til avtale om bruk av anleggsbidragsmodellen mellom Volda kommune og Din Bolig AS vert utlagt til offentleg ettersyn.*
- 2. Volda kommunestyre skal seinare i eiga sak godkjenne finansiering av veganlegget og utbyggingsavtale mellom Volda kommune som utbygger og Din Bolig AS.*

Handsaming:

Planleggar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka. Rådmannen orienterte.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.06.2016 til kommunestyret:

- 1. Forslag til avtale om bruk av anleggsbidragsmodellen mellom Volda kommune og Din Bolig AS vert utlagt til offentleg ettersyn.*
- 2. Volda kommunestyre skal seinare i eiga sak godkjenne finansiering av veganlegget og utbyggingsavtale mellom Volda kommune som utbygger og Din Bolig AS.*

Sølvi Dimmen tok sete og vara Hild Våge gjekk, kl. 14.00.

PS 120/16 Gbr 3/32 og 33 - oppføring av firemannsbustad - Gotene bustadfelt på Lid - avvik i høve til gjeldande plan

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet finn ikkje at skissert utbygging i vesentleg grad bryt med føresetnadane i gjeldande reguleringsplan og at utbygging/endring ut frå dette kan handsamast som dispensasjon frå plan, jf Plan og Bygningslova §19-2.

Handsaming:

Planleggar Per Heltne orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 21.06.2016:

Formannskapet finn ikkje at skissert utbygging i vesentleg grad bryt med føresetnadane i gjeldande reguleringsplan og at utbygging/endring ut frå dette kan handsamast som dispensasjon frå plan, jf Plan og Bygningslova §19-2.

PS 121/16 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av mai 2016

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.06.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

PS 123/16 Månadsrapport mai 2016

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapporten for mai 2016 vert teken til vitende.

Handsaming:

Saka vart ettersendt til formannskapet måndag 20.06.16. Rådmannen orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.06.2016:

Månadsrapporten for mai 2016 vert teken til vitende.

PS 124/16 Ruteendringsprosessen 2017

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringsprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
2. *Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
 - 15. min avgang riksvegferjer
 - Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget jfr. saksutgreiinga, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og –20
 - Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
 - *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
 - *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
 - *Kollektivtransport Ørsta/Volda-Stryn.*
3. *Formannskapet ber om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt til formannskapet måndag 20.06.16.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.06.2016:

1. *Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
2. *Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
 - *15. min avgang riksvegferjer*
 - *Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget jfr. saksutgreiinga, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og –20*
 - *Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.*
 - *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
 - *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
 - *Kollektivtransport Ørsta/Volda-Stryn.*
3. *Formannskapet ber om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*

PS 126/16 Kjøp av Gnr 19 bnr. 264 - Festetomt

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet godkjenner avtale med eigarar av gnr. 19 bnr. 264 slik den går fram av vedlegg 1 i denne saka.*
2. *Volda kommune krev skjøn.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt til formannskapet måndag 20.06.16.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.06.2016:

1. *Formannskapet godkjenner avtale med eigarar av gnr. 19 bnr. 264 slik den går fram av vedlegg 1 i denne saka.*
2. *Volda kommune krev skjøn.*

PS 125/16 Gjennomføring av reguleringsplan Botnavegen - godkjenning av avtaler.

Administrasjonen si tilråding:

Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 22 bnr. 2 og 8 ,gnr. 27 bnr. 1 og 19, gnr. 27 bnr. 3, gnr. 27 bnr. 8, gnr. 27 bnr. 9, gnr. 27 bnr. 12, gnr. 27 bnr. 16, gnr. 27 bnr. 20, gnr. 27 bnr. 28 , gnr. 27 bnr. 30, gnr. 27 bnr. 130, gnr. 28 bnr. 1, gnr. 28 bnr. 4, gnr. 28 bnr. 5, gnr. 28 bnr. 6, gnr. 28 bnr. 9 og gnr. 30 bnr. 7, vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 2 til 18 i denne saka.

Handsaming:

Saka vart ettersendt til formannskapet måndag 20.06.16.

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet. Bestemora er grunneigar langs Botnavegen og er soleis part i saka, jf. fvl. § 6, 1. ledd, b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Det var åtte røysteføre under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.06.2016

Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 22 bnr. 2 og 8 ,gnr. 27 bnr. 1 og 19, gnr. 27 bnr. 3, gnr. 27 bnr. 8, gnr. 27 bnr. 9, gnr. 27 bnr. 12, gnr. 27 bnr. 16, gnr. 27 bnr. 20, gnr. 27 bnr. 28 , gnr. 27 bnr. 30, gnr. 27 bnr. 130, gnr. 28 bnr. 1, gnr. 28 bnr. 4, gnr. 28 bnr. 5, gnr. 28 bnr. 6, gnr. 28 bnr. 9 og gnr. 30 bnr. 7, vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 2 til 18 i denne saka.

Odd Harald Sundal tok sete.

PS 122/16 Orienteringssaker

OS 97/16 Campusutvikling - status i prosessen

OS 98/16 Politisk organisering. Vedtak frå driftstyret sitt møte 11.05.16

Formannskapet drøfta saka, og ber administrasjonen utarbeide ei sak om politisk organisering av driftsstyret.

OS 99/16 Samarbeid mellom Kulturskulen og Volda skulekorps skuleåret 2016/2017

OS 100/16 Orientering i formannskapet - kommunereform

Ettersending av dokument møtedagen:

- Intensjonsavtale – samanslåing av Hornindal og Volda kommunar
- Hornindal kommune, *Kommunereform*, 20.06.2016

Dokument delt ut i møtet:

- OS 100/16 – *Gjenopptaking av sak OS 76/17 Kommunereform – Endeleg vedtak av alternativ*, 21.06.2016.

Ordføraren orienterte om prosessen kring kommunesamanslåing. Med heimel i kl. § 32, 1. ledd, vert saka handsama på nytt i ekstra formannskapsmøte og kommunestyremøte tysdag 28. juni.

Formannskapet drøfta saka.

OS 103/16 PPT - oppseiing av avtale

Rådmannen orienterte om saka. Volda og Ørsta kommunar ynskjer å seie opp avtalen om PPT-tenesta. Formannskapet gav tilslutning til dette.

OS 104/16 Ikt-organisering

Rådmannen orienterte om Ikt-organiseringa og mogleg strukturendring av denne.

OS 105/16 Fiskerihamn - initiativ frå Kystverket om avhending

Rådmannen orienterte om initiativ frå Kystverket om avhending av fiskerihamna.

Møtet slutt kl. 16:15

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
22.06.2016

Sonja Håvik
konsulent